




«Mottakernavn»
«Adresse»
«Postnr» «Poststed»
«Kontakt»

Saksbehandlar, innvalstelefon

Søndre Kaastad Sørsmål, 5557 2304

Høring av søknad om løyve etter forureiningslova til utslepp i anleggsfasen for bygging av Straumetunnelen i Øygarden kommune. Ber om uttale innan 26. april 2024.

Sotrasambandet er delt opp i 11 delstrekningar (A1 til A11) og omfattar ca. 9,4 km firefeltsveg frå Storavatnet i Bergen til Kolltveit i Øygarden kommune. Ca. 4,6 km av prosjektet går i tunnel, fordelt på fire tunnelar; A2 Kolltveittunnelen, A4 Straumetunnelen, A6 Knarrvikatunnelen og A10 Drotningsviktunnelen. Prosjektet inkluderer en ny firefelts bru på ca. 900 m (A8), med separat gang og sykkelveg. Tre mindre bruer inngår også i prosjektet (over Bildøystraumen, Straumssundet og Arefjordpollen). Det nye vegsystemet får egne felt og rampar for kollektivtrafikk og gang- og sykkeltrafikk. Anleggsarbeida startar hausten 2022 og prosjektet skal opne for trafikk i 2027, byggetid fem år.



Figur 1 Oversikt over delstrekningar i Sotrasambandet, ny Rv. 555

Denne høringa omfattar søknad om utslepp frå etablering av Straumetunnelen i Øygarden kommune. Dei andre delane av Sotrasambandet vil bli send på høring når søknadene vert mottekne. I søknaden er det også omtalt utslepp i driftsfasen (når veganlegget står ferdig). Løyve til utslepp frå **driftsfasen** vil Statsforvaltaren ta stilling til på et seinare tidspunkt.

Høringa og søknaden er gjort tilgjengelege på Statsforvaltarens heimeside:

<https://www.statsforvalteren.no/nb/vestland/hoyringar/>.



På Sotrasambandet sin prosjektside ligger informasjon om prosjektet med bl.a. animasjonsvideo som viser korleis anlegget vil bli sjåande ut:

<https://www.vegvesen.no/vegprosjekter/riksveg/sotrabergen/>.


Om tiltaket

Høyringa består av følgande søknad:

- A4: Søknad¹ om utslipp av tunnelvann - Straumetunnelen

A4 Straumetunnelen

I samband med prosjektet Sotrasambandet og bygging av Straumetunnelen er det behov for utslepp av reinsa tunnel- og anleggsvatn. Straumetunnelen vil bestå av to parallelle enkeltrøys tunnelar. Den vestgåande tunnelen har ein total lengde på 838,50 meter, den austgåande tunnelen har en total lengde på 858 meter.



Figur 2. Oversiktskart som viser strekning A4 Straumetunnelen. Raud stipla linje markerer tunnel og grøn stipla linje markerer dagsoner.

Start av arbeidet er planlagt i mai 2024. Driftsperioden er estimert til ca. 40 veker.

¹ Sotrasambandet – Area 04 Straumetunnelen. Søknad om utslipp av tunnelvann – dokumentnummer: SB-SY-APP-04-ENV-000001




Tunnelvatn/anleggsvatn omfattar vatn frå boring og sprenging av tunnel, og vatn som lekker inn i tunnelen frå kringliggande berg. Alt tunnelvatn skal reinsast før utslepp til resipient. Det er vurdert to moglege utsleppspunkt – utslepp direkte til elva Lille-Sotra som renner ut i sjø ved Stekervika i Arefjorden, alternativt skal vatnet sleppast direkte til sjø i Stekervika etter reinsing.

Stekervika ligger i Arefjordpollen som er del av vassførekomsten 0261010600-C Kobbaleia i Byfjordsystemet. Bekken som renner frå Stovevatnet ut til Stekervika har vassførekomstID: 057-38-R. Detaljert skildring av vassførekomstane er gitt i søknaden.

Det er ikkje registrert gytefelt i Stekervika/Arefjordpollen. Det er heller ikkje registrerte fiskeriinteresser i form av aktive lokalitetar for akvakultur (fiskeplassar eller låssetjingsplassar) i området.

Alt tunnelvatn skal reinsast før utslepp og skal gå via dimensjonert reinseanlegg med sedimentasjonsbasseng og olje-/slamavskiljar. Det skal etablerast utstyr for å justere pH der dette er nødvendig. Gjenbruk av tunnelvatn er planlagt dersom hensiktsmessig.



Figur 3. Figuren viser omtrentlege utsleppspunkt for tunnelvatn frå Straumetunnelen. I anleggsfasen skal tunnelvatn reinsast og sleppast ut i elva Lille-Sotra eller i sjø ved Stekervika. Utslepp i Straumsundet er ikkje relevant for dette løyvet, då løyve til driftsfasen handsamast på eit seinare tidspunkt.



Søkjær har føreslege følgande grenseverdier for tunnelvatn i anleggsfasen til utslepp i Stekervika:

Tabell 1. Føreslegne grenseverdier for utslepp av reinsa tunnelvatn

Parameter	Grenseverdier Lille-Sotra	Grenseverdier Stekervika
Suspendert stoff	100 mg/l	200 mg/l
Turbiditet*	100 FNU	200 FNU
Olje	5 mg/l	20 mg/l
pH	6 - 8,5	6 - 9,5

Ber om eventuelle kommentarar innan 26. april 2024.

Statsforvaltaren sender søknad om løyve etter forureiningslova for utslepp av anleggsvatn frå tunneldriving av Straumetunnelen på høyring til offentlege instansar m.m. etter plan- og bygningslova, miljøvernorganisasjonar og interesselag.

Statsforvaltaren ber om uttale til vedlagte søknadar seinast innan 26. april 2024. Uttaler kan sendast til sfvlpost@statsforvalteren.no, merk med referansenummer **2022/16835**.

Med helsing

Magne Nesse
senioringeniør

Sondre Kaastad Sørdsdal
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

- 1 SB-SY-APP-04-ENV-000001 A04 Straumetunnelen Utslipp Søknad.pdf

Kopi til:

STATENS VEGVESEN Postboks 1010 Nordre Ål 2605 LILLEHAMMER
Sotra Link Construction JV ANS

Mottakerliste:

FORUM FOR NATUR OG FRILUFTSLIV Tverrgaten 4 5017 BERGEN
HORDALAND
SOTRA OG ØYGARDEN JEGER OG Postboks 279 5353 STRAUME
FISKARFORENING
ØYGARDEN KOMMUNE Ternholmvegen 2 5337 RONG